

## Rundskriv

---

Kommunane  
Dei kyrkjelege fellesråda  
Sokneråda  
Bispedømmeråda

Nr.	Vår ref	Dato
V-9N/2014	14/499 -	07.03.2014

### **Statsbudsjettet 2014 – Tilskot til istandsetting av kyrkjebygg – ny investeringsramme under ordninga med rentekompensasjon**

Kulturdepartementet vil med dette rundskrivet informere om at det i samband med statsbudsjettet for 2014 vart gjort vedtak om ei ny ramme under ordninga med rentekompensasjon for istandsetting av kyrkjer. Investeringsramma som det kan søkast om rentekompensasjon for, er på 500 mill. kroner og gjeld for 2014.

For nærmere informasjon om vedtaket viser vi til Innst. 12 S (2013–2014), Prop. 1 S (2013–2014) Kommunal- og regionaldepartementet og Prop. 1 S Tillegg 1 Endring av Prop. 1 S (2013–2014) Statsbudsjettet 2014.

#### **Informasjon om ordninga**

Sidan rentekompensasjonsordninga for kirkebygg vart etablert i 2005 er det gitt tilsegn om rentekompensasjon for i alt 2,9 mrd. kroner under ordninga. 932 prosjekt, med ei samla investeringsramme på om lag 2,0 mrd. kroner, er avslutta ved byrjinga av 2014.

Fra 2014 er ordninga overført til Kulturdepartementet, kap. 342, post 60. Kulturdepartementet vil på bakgrunn av dette fastsette ny forskrift. Husbanken vil framleis forvalte ordninga, som omfattar alle kyrkjelydskyrkjer i Den norske kyrkja. Dersom det er naudsynt, vil freda og verneverdige kyrkjer bli prioritert.

Vi gjer merksam på at ein også kan søke om rentekompensasjon til istandsetting og restaurering av kyrkjeinventar og utsmykking av antikvarisk verdi.

Rentekompensasjonsordninga gjeld ikkje ordinært vedlikehaldsarbeid eller istandsettingsarbeid som har ei kostnadsramme på under 100 000 kroner. Det er ikkje krav om at tiltaka må være lånefinansierte. Eit prosjekt kan inkludere fleire enkeltiltak i ei kyrkje, eller fellestiltak for fleire kyrkjer. Eksempel på tiltak som kjem innunder ordninga kan ein sjå på Husbanken sine nettsider:

<http://www.husbanken.no/tilskudd/tilskudd-rentekompensasjon/rentekompensasjon-kirker/>

Tilskot til rentekompensasjon vert utbetalt på bakgrunn av faktiske kostnader i prosjekta, inkl. meirverdiavgift, som skal stadfestast av Husbanken ved søknad om utbetaling.

Kompensasjonen svarer til rentene for eit serielån i Husbanken med løpetid 20 år, inklusive 5 år med avdragsfri periode, og den til ei kvar tid gjeldande flytande renta.

Rentekompensasjonen blir utbetalt til kommunen, som eventuelt overfører midlane vidare. Søknad om rentekompensasjon kan fremmast av kyrkjeeigar eller kommune på vegne av kyrkjeeigar.

## **Forvaltning av kyrkjebygg**

Kyrkjebygga er sentrale bygg i lokalsamfunn over heile landet og er ofte av stor kulturhistorisk verdi. Etter kyrkjelova §§ 14 og 15 er det dei kyrkjelege fellesråda som har forvaltaransvaret, medan det økonomiske ansvaret for kyrkjene er lagt til kommunane. KA Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon har gjennomført tilstandsundersøkingar av kyrkjene både i 2005/2006 og 2009/2010. Desse undersøkingane viser at tilstanden for kyrkjebygga er betra i perioden. Samstundes viser undersøkingane at tilstanden til fleire kyrkjer ikkje er tilfredsstillande. Dette gjeld alle typer kyrkjer, også kyrkjer som er freda og listeførte.

## **Brann- og tjuverisikring**

Tilstandsundersøkingane viser at sjølv om stadig fleire kyrkjer vert sikra mot brann og tjuveri, så er det framleis mange kyrkjer som ikkje har tilfredsstillande sikringsanlegg.

Departementet vil streka under at kommunane og kyrkjeeigarane har ansvaret for å sikre kyrkjene mot brann og tjuveri. Slike tiltak kan komme innunder rentekompensasjonsordninga.

Rentekompensasjonsordninga for kyrkjebygg er til for å stimulere og støtte kommunar og fellesråd i å handheve sitt ansvar for kyrkjebygga. Vi oppmodar dei til å nytte ordninga.

Med helsing

Ellen Ur (e.f.)  
kst. avdelingsdirektør

Kristian Koppenrud  
rådgivar

Kopi:  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Klima- og miljødepartementet  
Riksantikvaren  
Kyrkjerådet  
KA Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon  
KS Kommunesektorens organisasjon  
Husbanken